Odin Staveland som solist med Liten Fuggel.

Absolutt musikalsk Vamp

Mellom 450 og 500 hadde løyst billet for å få med seg ei unik Vamp-oppleving

Eit absolutt klart orkester starta presis klokka 19.00 i Bømlo-hallen torsdag kveld. Nok til å gje publikum den ekta kjensla av å vera i gang. Vamp leverte. Sjølvsagt gjorde dei det. Dei er jo ikkje amatørar akkurat.

Studie i instrumentbruk

Her var det musikk – non stop. Øyvind Staveland tok seg tid til å presentere orkestermedlemmane, så vidt. Elles mistenkjer me han for å kommunisere best gjennom musikk – med eit eller anna instrument. Og instrument var det. Dei strengeinstrumenta dei ikkje har med seg i Vamp er vel knapt brukande. Då ser me sjølvsagt bort frå harpa. Fire batteri med gitarar, då blandar me inn mandolin, banjo og alt som liknar, eitt med feler, to med trommer, ein kontrabass, tre- fire -fem trekkspel, fløyter, messing og munnspel. Har sikkert gløymt noko. Slikt kan det jo bli musikk av. Og det veit me jo at det blir.

Stor musikalsk kapasitet

Ikkje til å undrast over at ein og annan let seg imponere. Publikum applauderte både mellom «slaga» og midt inni. Øyvind Staveland tok runden i orkestret med fela si. Duett med trommisen Torstein Lofthus, duett med munnspelet til Torbjørn Økland, duett med kvar og ein etter tur, rundt på heile scena. Klappsalvane kom spontant då «Månemannen» kom inn i sin sluttfase. For «Månemannen» var det. Me fekk også nyta «Tir n'a Noir». Halvannan strak time – non stop. Her var korkje tid eller lyst til 'talkshow'. Ingen sakna det heller.



Marius Mæland med mor, Merethe og far, Leif Norvald Mæland.

Liten fuggel

Me fekk så vidt høyra publikum sine refleksjonar etter konserten. Marius Mæland var med mor og far denne kvelden. Dei fekk billettane allereie til jul, og har verkeleg fått gledd seg lenge.

– Eg trudde dei ville hoppa over «Liten Fuggel», seier unge Mæland. Dei lurte oss litt der. «Liten Fuggel» kom fyrst etter ein solid avsluttande stående applaus. Etter den vart det ikkje mindre applaus. «Liten Fuggel» var ein av låtane Marius og familien gledde seg ekstra til. Sidan dei opplevde eit dødsfall nett på den tida plata kom ut, har «Liten Fuggel» ein ekstra klang der i heimen.

Vil spela banjo

Bernt Stavland går ikkje mest på konsert, denne måtte i alle fall han ha med seg. Det er jo slekta også, smiler han. Men «Månemannen» var ikkje heilt som originalen i kveld, slår han fast. Bernt Stavland likar både musikken og tekstane til Vamp. Bjørnar Alvsvåg Folgerø skal no læra seg å spela banjo, fortel han.

– Du får kanskje plass i bandet etter kvart då, foreslår me.

– Nei, så god vert eg ikkje i heile mitt liv, kommenterer Folgerø, som er ein hauggamal ungdom på 23. Han let seg imponere av Vamp. Instrumenttrakteringa deira. Musikarane, tekstane og sjølvsagt musikken.

– Dette var ei flott oppleving, slår han fast.

Bn: Mariann Gerdsdotter Sagvåg